

DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

MØTEBOK BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Marie Habbestad, Jarle Havn, Anne Berit Hope, Lene Nesse, Odd Kåre Sakseid, Anne Lie Steinsbø, Asbjørn Gundersen, Berit Hallaråker og John Olav Habbestad.

Møtestad: Bremnes Kyrkje
Tid: Tirsdag 27.08.2019 kl.19.00

Sak 06-01-19: Innkallinga vart godkjent

Sak 06-02-19: Møtebok 11.06.2019 vart godkjent

Sak 06-03-19: Referatsaker

- Møtebok frå AU13.08.2019

Sak 06-04-19: Sluttrapport Jubileumsboka for Bremnes Kyrkje 150år

- Soknerådet har mottatt ein sluttrapport frå redaksjonskomiteen til jubileumsboka. Boka er sendt til trykking og lova ferdig levert i slutten av august. Redaksjonskomiteen har kome med eit forslag til honnorar og dekking av utgifter. Det ser ut til at forfattarhonnarar og dekking av utgifter er i samsvar med budsjett, mens utgifter til trykking av boka er noko høgare enn budsjettet. Soknerådet lyt drøfta forfattarhonnarar og satsar for andre utgifter.

Soknerådet vedtok følgjande framlegg:

- (1): Køyregodtgjersle blir dekka med kr 2.50,- per km samt reelle utgifter for ferje, bom og liknande. Utgifter til kontorrekvisita blir dekka.
- Soknerådet vedtek å honnorera bidragsytarar i samsvar med punkt (2), (3) og (4) i sluttrapport (sjå vedlegg).
- (5) Soknerådet vedtek å halde av 100 bøker til eige bruk.
- Soknerådet vedtek å gje gratiseksemplar i samsvar med (6) i sluttrapport.
- Soknerådet vedtek å sende meldareksemplar til dei som kjem på pressekonferansen.

Sak 06-05-19: Kyrkjeval

- Informasjonsmøte/opplæring for valfunksjonærar blir truleg i veke 36. Meir informasjon kjem når det er avklart. Frå 26. August er det utvida opningstider for forhandssteming på rådhuset. Her lyt Bremnes Sokneråd stilla med valfunksjonærar nokre av dagane etter arbeidstid. Soknerådet organiserte valfunksjonærar for dei tilvalgte tidene for Bremnes Sokneråd.

Dersom du ikkje kan møta, ver snill å gi beskjed til Berit Hallaråker berit.h@haugnett.no

Berit Hallaråker
leiar

Jarle Havn
Sekretær